



Torbjørn Aase Nævdal
Ådlandsvegen 183
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1694 - 23/37634

Saksbehandlar:
Marte Hagen Eriksrud
marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.no

Dato:
15.05.2023

Merknader til kommuneplanens arealdel-tilbakemelding

Viser til e-post datert 26. april 2023, og spørsmål knytt til tilbakeføring av byggeområde til LNF.

Vedtatt planprogram for kommuneplanen sin arealdel legg føringar for planarbeidet;

«Vi skal vurdere å tilbakeføre areal, med ulike byggeføremål (til dømes bustad, næring og fritidsbustad) til landbruk-, natur-, og friluftsområde (LNF), i dei tilfelle kor det ikkje er mogleg å realisere eller at utbygginga ikkje lenger er i tråd med ønska utvikling, jamfør føringar i kap. 5».

Føringane i kap. 5 som er særleg relevant er opplistinga i kap. 5.3, tabell 5.

Administrasjonen har starta på arbeidet med å vurdere kva områder som er aktuelle å tilrå at vert tilbakeført til LNF. Denne vurderinga skjer parallelt med grovsiling av arealinnspel til planarbeidet. Både område som vert vurdert tilbakeført til LNF, og arealinnspela, vert vurdert opp mot føringane i kap.5.

Administrasjonen vil, så snart det er klart, legge fram ei tilråding til politisk styringsgruppe. Neste heildagsmøte i den politiske styringsgruppa er 14. juni 2023.

Politiske saker, underlag og referat ligg mellom anna ute på nettsida til kommuneplanen;
[Alver kommune - Kommuneplanen sin arealdel](#)

Med helsing
Alver kommune, Plan og analyse

Marte Hagen Eriksrud
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Torbjørn Aase Nævdal

Ådlandsvegen 5919
183

FREKHAUG